

Bjørgvin 10.01.2005

**Det kongelege undervisnings- og forskingsdepartement
Oslo Dep. (sic)**

Søknad om avskil

Herre Konge,

Vel har Kongen fødd meg, mager er eg om hjarterøtene.

Det har vori ei stor glede og eit sant svir
å kunne tene land og folk som embetsmann
i det fag dei gamle grekarane omtala som filosofi – kjærleik til visdomen.

Måtte eg ha levt opp til kallet!

Men, som preikaren seier i den heilage skrift: all ting på jordi hev si tid.

Og no, etter meir enn 40 år på post, kan det vere på tide å gå frå borde.

Eg takkar vyrdsamt for meg,
og bed Kongen om å gjeve meg avskil frå embetet per 01.08.2005.

Til års og fridar,

med vyrdnad

Gunnar Skirbekk